

Giske
Med sine 2,67 kvadratkilometer er det å gå rundt øya Giske ein fin tur som passar mange. Heile vegen går du på asfalt, og der er nesten ikkje stigning. Denne turen kan du altså ta både med barnevogn, rullestol og sykkel. Om ein ikkje reknar med vegen bort til utkikspunktet ved Kvalneset er runda på rundt fem kilometer.

Du kan parkere ved Giske stadion. Gå tilbake mot rundkøyringa og følg Øygardsvegen. Denne vegen skal du følgje til du har gått litt under halve vegen rundt øya, då går du inn på Gjerdevegen og følgjer den tilbake til rundkøyringa.

Det er fleire fine badestrender på øya Giske. Mange bruker Giskebrua til å fiske frå. Midt på øya, ca. ein halv kilometer frå turvegen, ligg Giske barneskule med både leikeplass og fotballbane.

Ved Kvalneset ligg Giske fuglefredingsområde. Området er viktig for mange artar av våtmarksfuglar og trekkande vadefuglar. Du finn informasjonstavle om artane i området ved parkeringsplassen ved neset.

Langs rundturen går du forbi Giske kyrkje, ei marmorkyrkje som vart bygd på 1100-talet av den mektige Arnungeætta. Like ved ligg Giske Amfi, der Giskespelet blir framført.

Ein går også forbi to historiske kulturminne langs ruta: Mjelthaugen og Reinebakken. Ved Mjelthaugen er det mellom anna funne to graver, ei frå bronsealderen og ei frå år 200 f.Kr. Der er informasjonsskilt i området.

Parkering
Ta til høgre i rundkøyringa rett etter Giskebrua. Følg vegen eit lite stykke og parker ved Giske stadion (gratis).

Turtips:
www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS

Giske rundt

Ein rundtur der du kan oppleve både fuglereservat, kulturminne og flotte badestrender.



Turveg - gul



Parkering



Rullestol



Badestrand



Barnevogn



Fiske



Sykkel



Fronminne



Utkikspunkt



Kyrkje



Leikeplass



Info



Fotballbane



Rundtur



TURKORT!

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2017.



Giske rundt

